

INNLEIING	3
1 FINANSIERING	4
<i>Dei ulike fasane</i>	<i>4</i>
1.1 OFFENTLEG FINANSIERING – EIGENKAPITAL, FOND & STIFTINGAR.....	5
<i>Sogn og Fjordane fylkeskommune.....</i>	<i>5</i>
<i>Innovasjon Norge Sogn og Fjordane.....</i>	<i>8</i>
<i>Regionalt forskningsfond Vestlandet</i>	<i>10</i>
<i>Norges Forskningsråd.....</i>	<i>11</i>
<i>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</i>	<i>14</i>
<i>NAV.....</i>	<i>16</i>
<i>Statlige såkornfond</i>	<i>17</i>
<i>EU-finansiering</i>	<i>18</i>
1.2 OFFENTLEG FINANSIERING – LÅN OG GARANTJAR.....	19
<i>Innovasjon Norge</i>	<i>19</i>
1.3 PRIVAT FINANSIERING – STIFTINGAR, FOND & INVESTERINGSSKAP	20
<i>Stiftingar & fond.....</i>	<i>20</i>
<i>Fjord Invest – investeringselskap</i>	<i>22</i>
2 RÅDGJEVING, NETTVERK & KURS	23
<i>Innovasjon Norge</i>	<i>23</i>
<i>Fylkeskommunale og kommunale tilbud.....</i>	<i>24</i>
<i>SIVA</i>	<i>24</i>
<i>Kurstilbod</i>	<i>26</i>
3 BRANSJAR	27
<i>Klima og miljø.....</i>	<i>27</i>
<i>Maritim og sjømat.....</i>	<i>28</i>
<i>Landbruk.....</i>	<i>29</i>
<i>Reiseliv og lokalmat.....</i>	<i>31</i>
<i>Kultur.....</i>	<i>32</i>

Innleiing

«Verkemiddeloversikt for Sogn og Fjordane» samlar næringsretta verkemiddel til rådvelde i Sogn og Fjordane. Oversikta er blitt til i samarbeid mellom aktørar i næringsapparatet i Sogn og Fjordane; fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Norge, kommunar, næringssekskap, Kunnskapsparke i Sogn og Fjordane og Fram Flora.

Denne oversikta er på ingen måte uttømmende. Vi har avgrensa til dei ordningane som er mest relevante for næringsutvikling i Sogn og Fjordane. Vi har i hovudsak teke med offentlege regionale ordningar, men også nokon nasjonale og internasjonale ordningar og einsskilde private ordningar. Vi oppmuntrar til å søkje opp ordningar for kvar sak som er inne til rådgjeving. Det vil også vere ordningar vi ikkje har kjennskap til, og som derfor er utelate. Forslag til forbetringar av oversikta er svært ønskjeleg og kan sendast til næringsavdelinga ved fylkeskommunen.

Denne oversikten er utforma med tanke på intern bruk for rådgjevarar i 1.linetenesta i Sogn og Fjordane. På sikt er det mogleg å lage ei utgåve som er tilpassa andre interessentar.

Oversikta er delt inn i tre kapittel. Kapittel ein tar for seg finansieringsordningar og skilje mellom eigenkapital- og låneordningar frå offentlege og private tilbydarar. Kapittel to tar for seg rådgjeving, nettverk og kurs. Kapittel tre tar for seg ordningar som er bransjespesifikke.

Kvar ordning vert skildra kort, og vise til målgruppa og ramma for ordninga. Søknadsfristar er ikkje oppgitt. Kvar ordning har ei lenkje til ei nettside der ordninga vert omtalt i detalj.

Oversikta vert tilgjengeleg på driftig.no, og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ansvaret for å oppdatere ho.

1 Finansiering

Dei ulike fasane

Etablerarar i fylket må ha tilgang til dei rette virkemidla i dei ulike fasane. Desse fasane vert ofte omtalt som idé- og oppstartsfasen, presåkorfasen (inkubatorfasen), såkornfasen og tidleg vekstfase.


I idé- og oppstartsfasen får etableraren tilbod om både kapital, kurs og rådgjeving. Etableraren møter som regel først næringsapparatet i eigen kommune.

I pre-såkorfasen (inkubatorfasen), skal bedrifter få hjelp til å utvikle innovasjonsbedrifta ved bruk av kompetanse og nettverk.

Såkorfasen er den vanskelege mellomfasen, fasen etter støtte frå Innovasjon Norge og fram til den fasen etableraren kan klare å få venturekapital. I denne fasen er det kritisk med kapital frå profesjonelle investorar.

Såkor Kapital er midlar frå fond som investerer i tidlegfasebedrifter og er kjenneteikna med høg risikovilje. Såkor Kapital har vore etterlyst i mange år av norske gründerar. Dette er fasen som ofte vert referert til som «blodbadet» fordi kostnadene er høge, gjerne fordi produktet ikkje er ferdigutvikla, og gründeren har normalt ikkje høge nok inntekter. Av og til har såkor Kapitalfonda konkurrert med Venturekapitalfonda, og såleis har ikkje såkorfonda ønska å gå inn i «blodbadet» nettopp på grunn av høg risiko.

I tidleg vekstfase er gründeren og bedrifta utvikla nok til at profesjonelle investorar torer å satse kapital. Venturekapital selskap tilbyr eit spekter av investeringar, alt frå å starte opp idear frå botnen av, finansiere spin-off frå moderne bedrifter, til å finansiere rask internasjonal ekspansjon av eit suksessfullt heimeprodukt. Felles for venturekapitalfonda er at dei ser etter marginar, vekstpotensial og menneska bak.



1.1 Offentleg finansiering – Eigenkapital, Fond & Stiftingar

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Regionale utviklingsmidlar	Prosjektbasert støtte til nærings- og samfunnsutvikling i spesifikke bransjar	Prioriterte grupper er kvinner, ungdom og innvandrarak. Dette er ikkje ei bedriftsretta satsing, men meint for tilretteleggjande tiltak med distrikts- og regionalpolitisk verknad som når breitt	Inntil 50% av totalbudsjettet til prosjektet (eks mva)	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rekruttering og kompetanseheving i landbruket	Prioriterer: Tiltak som bidrar til å styrkje rekruttering i landbruks- og gartnarutdanninga og til høgare utdanning i landbruksfag. Kompetansehevande tiltak og etter- og vidareutdanningstilbod for næringsutøvarar i landbruk	I utgangspunktet kan alle som har prosjekt som støttar opp om måla med ordninga søkje	Midlane som kjem direkte frå LMD, forvalta av fylkeskommunen, er ikkje bunden av grenser for finansieringsgrad	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Infrastrukturmidlar til reiseliv	Støtta skal gå til tilretteleggjande tiltak som skal gjere dei mest særigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar	Alle kan søkje. Søknad skal vere koordinert med og forankra i det regionale destinasjonsselskapet. Tiltaka skal medverke til å nå måla i Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane	Inntil 50% av totalbudsjettet til prosjektet (eks mva)	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune Omtale i Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fondet	<p>Preså Kornfond som skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og grunderar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse.</p> <p>Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane forvaltar fondet. Kontakt og spørsmål skal rettast dit.</p>	Målgruppe for investeringane er oppstartsbedrifter/ idear i Sogn og Fjordane	Startinvesteringar vil normalt vere 50 000- 300 000 NOK	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane forvaltar fondet
Kunstnarstipend og etablerarstipend	Fylkeskommunen tildeler årleg inntil to arbeidsstipend og eit etablerarstipend til aktive kunstnarar som bur og arbeider i fylket	Ordninga gjeld kunstnarar som arbeider med bildande kunst og kunsthandverk. Ein ønskjer å utvide til andre kunstnarlege uttrykk	Kunstnarstipend er på 30 000 kr/stk. Etablerarstipendet er på 50 000 kr	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Spelemidlar	Tilskotsordning for bygging og rehabilitering av anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Målgrupper er barn og ungdom. Ordninga er delt i to kategoriar: nærmiljøanlegg og ordinære anlegg	Hovudsaklig kommunar, idrettslag, enkelte friluftslivsorganisasjonar og velforeiningar. Andre søkjarar kan og bli godtatt etter godkjenning av laget sine vedtekter	Hovudregel for nærmiljøanlegg: Inntil 50% av totalbudsjettet til prosjektet (eks mva). Hovudregel for ordinære anlegg: 1/3 av godkjent kostnad inntil maks beløp. Summen av statleg finansiering kan ikkje overstige meir enn 50 % av totalfinansiering	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune Omtale på heimesida til regjeringa

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Generell forprosjekt/hovudprosjektstøtte	Tilskot kan gis til mange ulike formål som bidrar til at gode prosjekt vert gjennomført som elles ikkje ville blitt realisert	Alle typar bedrifter. Tilskot gis primært til små og mellomstore bedrifter, og det er størst moglegheit i distrikta	Maksimal tilskotssats er avhengig av formål, bedriftsstorleik og lokalisering, men ligg hovudsakleig i intervallet 10–40 %	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge Oversikt over finansieringstilboda til Innovasjon Norge
Marknadsavklarings-tilskot	For idear med høg nyhende verdi, stort marknadspotensial og skalerbar forretningsmodell. Tilskotet gjeld framtidige kostnader, ikkje kostnader som allereie har førekomme	Gründerar med høge vekstambisjonar. Bedrifta er registrert som føretak for mindre enn 3 år sidan	50 000 – 100 000 kr	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge Oversikt over finansieringstilboda til Innovasjon Norge
Kommersialiseringstilskot	For idear med høg nyhende verdi, stort marknadspotensial og skalerbar forretningsmodell. Ei bedrift må ikkje først få marknadsavklaringsstilskot for å få kommersialiseringstilskot	Gründerar med høge vekstambisjonar. Bedrifta er registrert som føretak for mindre enn 5 år sidan	Maksimalt tilskot er 500 000 kr for prosjekt med nasjonalt potensial og 700 000 kr for prosjekt med internasjonalt potensial. Finansieringsbeløpet er avhengig av tidlegare støtte bedrifta har motteke.	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge Oversikt over finansieringstilboda til Innovasjon Norge
Innovasjonskontrakter	Tilskot til forskings og utviklingssamarbeid for å utvikle ei ny løysing eller eit nytt produkt. Samarbeid mellom leverandør og pilotkunde.	Primært små og mellomstore bedrifter. Internasjonalt potensiale.	15% - 70% av prosjektbudsjettet, avhengig av bedrifta si storleik og kva for prosjekt det er snakk om	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge Oversikt over finansieringstilboda til Innovasjon Norge
Miljøteknologiordninga	Tilskot til å byggje pilot- og uttestingsanlegg (demonstrasjonsanlegg). Miljøteknologi: teknologi, prosessar, løysingar og tenester som er betre for miljøet enn det som vert brukt i dag	Norske bedrifter over heile landet, som skal i gang med pilot og uttestingsprosjekt (demonstrasjonsprosjekt) i Norge	Inntil 25% av godkjente kostnader for store bedrifter, 35% for mellomstore bedrifter og 45% for små bedrifter	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge Oversikt over finansieringstilboda til Innovasjon Norge

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Investerings- og bedriftsutviklingsmidlar i landbruket (IBU)	Dei bedriftsretta midlane skal støtte tiltak på gardsbruk i aktiv drift der brukaren og familien, eller selskapet dei er medeigar i , står ansvarleg for prosjektet	Søkjaren må bu på garden og verksemda må vere knytt til bruket og bygda	Sjå handlingsplan for regionalt bygdeutviklingsprogram	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge
Andre finansieringstenester:	<ul style="list-style-type: none"> • Finansiering for lokalmat og opplevingar • Utviklingsprogrammet: Rein • Tilskot til innovativ bruk av tre • Bioenergi-programmet • Bioraffinerings-programmet • Investeringsfond for Russland og Øst-Europa 	Ta kontakt med Innovasjon Norge	Ta kontakt med Innovasjon Norge	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge
Landbruk	<ul style="list-style-type: none"> • Investeringar i tradisjonelt landbruk, kjøp av eigedom og tilleggsareal • Bustad på garden • Tilleggsnæring i landbruket 	Ta kontakt med Innovasjon Norge	Ta kontakt med Innovasjon Norge	
Maritim og sjømat	<ul style="list-style-type: none"> • Fiskefartøy og fiskerettigheter • Risikolån til finansiering av nybygg innan nærskipfart • Kondemnering av skip • Klima- og miljøvenlege innanriks skipfart 	Ta kontakt med Innovasjon Norge	Ta kontakt med Innovasjon Norge	

Regionalt forskningsfond Vestlandet

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Regionale offentlege prosjekt kommunal sektor	Støtte til FoU-prosjekt Tema: <ul style="list-style-type: none"> • Inkluderande samfunn, oppvekst, levekår og folkehelse • Kommunale helsetenester og samhandlingsreforma • Utdanning og opplæring • Klima, miljø og beredskap • Arealplanlegging og transport • Samfunns- og næringsutvikling 	Kommunar og fylkeskommunar	Forprosjekt: <ul style="list-style-type: none"> • Inntil 500 000 kr. per søknad • Laupande opptak Hovudprosjekt: <ul style="list-style-type: none"> • Inntil 3 mill kr. per søknad • Ca 2 utlysingar per år 	Regionale forskningsfond
Regionale bedriftsprosjekt	Støtte til FoU-prosjekt. Tema: <ul style="list-style-type: none"> • Hav og energinæringar • berekraftig matproduksjon og bioøkonomi 	Bedrifter og nettverk	Forprosjekt: <ul style="list-style-type: none"> • Inntil 500 000 kr. per søknad • Laupande opptak Hovudprosjekt: <ul style="list-style-type: none"> • Inntil 3 mill kr. per søknad • Ca 2 utlysingar per år 	Regionale forskningsfond

Norges Forskningsråd

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
SkatteFunn	Skattefrådragsordning for næringslivets kostnader til forskning og utvikling. For bedrifter som ikkje er i skatteposisjon, utbetalar Skatteetaten støtta som eit kontant tilskot i samband med likningsoppgjeret	Alle bedrifter og næringar (som er skattepliktige i Norge) kan søkje. Også bedrifter som ikkje er i skatteposisjon kan søkje	SMB kan få 20% av prosjektkostnadane som skattefrådrag gjennom skatteoppgjøret eller som utbetaling, store bedrifter kan få 18%	Omtale på heimesida til Norges forskningsråd
Brukerstyrte Innovasjonsarena (BIA)	Støtte til forskningsbaserte innovasjonsprosjekt i næringslivet. Ordninga er komplementær til tematiske program. Uavhengig av tema og bransje	Alle bedrifter og næringar	Inntil 50% av totalbudsjettet til prosjektet (eks mva)	Omtale på heimesida til Norges forskningsråd

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Forny2020 – forskingsbasert nyskaping	Støtte til prosjekter som har som mål å kommersialisere idéar, kompetanse og forskingsresultat i forskingsmiljøa	<p>Kommersialiseringsaktørar som representerer universiteter, høgskuler, forskingsinstitutta og helseforetak kan søkje midlar til å kommersialisere forskingsresultat og ideer frå desse institusjonane.</p> <p>Nystarta bedrifter og forskarar kan søkje støtte til prosjekt uavhengig fagområde med høgt forventet kommersielt potensial, basert på offentleg finansierte forskning</p> <p>Masterstudentar (studENT utlysing) kan søkje om støtte via universitet/høgskule. Prosjektet bør mellom anna ha høg innovasjonsgrad og stort kommersielt potensial</p>	<p>Verifiseringsutlysing for forskarar og bedrifter:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Inntil 100 mill kr • 80 % finansiering <p>studENT utlysing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Inntil 15 mill kr • 100 % finansiering 	Omtale på heimesida til Norges forskningsråd
FornyStudent	Midlane skal fremme studententreprenørskap. Pilotordning i 2016. Gjeld arbeid med å realisere ein kunnskapsbasert idé i ein periode på inntil 12 månadar	Studentar som har mindre enn seks månadar igjen til eksamen på mastergradsstudiet og studentar som har avlagt mastergradseksamen for mindre enn 12 månadar sidan	Inntil 1 mill kr per søknad	Norges Forskningsråds heimeside om ordninga Utlysingstekst til FornyStudent

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Nærings-ph.d.	Finansiering av doktorgradsutdanning skal sikre forskarrekuttering i næringslivet. Bedrifta er søkjar og mottakar av midlane, og kandidaten må vere tilsett i bedrifta	Gjeld bedrifter som driv marknadsretta verksemd	Bedrifter som inngår avtale om Nærings-ph.d. får eit årleg tilskot frå Noregs Forskingsråd som tilsvara 50 % av stipendiatsatsen i tre år	Norges Forskningsråds heimeside om ordninga Utlysingstekst til nærings-ph.d.
VRI – virkemiddel for regional FoU og innovasjon	Bedrifter kan søkje den regionale VRI-satsinga om midlar til mindre FoU-prosjekt. Bedrifta har liten eller ingen FoU-erfaring, og må samarbeide med eit FoU-miljø. OBS: Sogn og Fjordane har ikkje bedriftsmiddel i VRI per 2016	Regionale føringar gjeld, men per i dag har ikkje Sogn og Fjordane bedriftsmiddel i VRI	Inntil 200 000 kr, eller inntil 50 % av totale kostnader avhengig av bedriftsstorleik	VRI Bedriftsprosjekt Utlysingstekst til bedriftsprosjekt
PES – Prosjektetableringsstøtte for auka deltaking i europeisk FoU-samarbeid	Støtte til å skrive søknader retta mot Horisont2020 og InnovFin (EU-midlar)	Alle bedrifter	Same utbetalingsvilkår som for bagatellmessig støtte	Norges Forskningsrådets heimeside om ordninga

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak	Midlar til landbruksrelatert næringsutvikling som fremjar omstilling, nyskaping og framtidretta sysselsetting i bygdene	Aktuelle søkjarar er organisasjonar, institusjonar, kommunar og ulike former for samarbeidsorgan, hovudsaklig innan landbruk	Inntil 75 % av godkjent kostnadsoverslag	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si heimeside om ordninga Handlingsplanen for regionalt bygdeutviklingsprogram 2016
Regionalt Miljøprogram	Tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i form av driftsstøtte. Målet er å ivareta kulturlandskapet i fylket	Føretak som også har fått godkjent søknad om produksjonstilskot	Tilskot varierer etter kva tiltak ein søker om, sjå handlingsplan for detaljar	Handlingsplanen for regionalt bygdeutviklingsprogram 2017
Tilskot til investeringstiltak i beiteområde	Tilskotet kan gå til alle typar tiltak som betrar beitebruken i utmark med sau, geit og storfe	Beitelag og andre lag og organisasjonar innan landbruket kan søkje	Tilskotssatsen vert tilpassa søknadsmengda og tilskotsramma. Dei siste åra har støtta vore på 30-40 % av godkjent kostnadsoverslag	Handlingsplanen for regionalt bygdeutviklingsprogram 2017
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (vegar, taubaner mm)	Stimulere til auka verdiskaping i skogbruket	Skogeigarar som har meir enn 10 daa produktiv skog, og eigarar av landbrukseigedommar utan produktiv skog	Til skogvegar: inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. For taubane og hest og meir detaljar om skogvegar: sjå overordna retningslinjer i handlingsplanen	Handlingsplanen for regionalt bygdeutviklingsprogram 2017 Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
Klima- og miljøprogram – utviklingstiltak for miljø i jordbruket	Føremål: å tilpasse landbruksdrifta til eit endra klima og halde forholdet mellom utslepp og binding av klimagassar i Sogn og Fjordane nede	Fag- eller næringsorganisasjonar, kompetansebedrifter, utgreiings- og forskingsmiljø, kommunar, regionale og lokale lag og foreiningar	Inntil 70 % av totalkostnadene i prosjektsøknaden	Omtale på heimesida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Handlingsplanen for regionalt bygdeutviklingsprogram 2017 Retningsliner for klima- og miljøprogrammet i jordbruket

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Tilskot til utsiktsrydding	Rydding av uønskt vegetasjon for å auke utsikt mot kulturlandskap. Området som skal ryddast skal vere av verdifull karakter sett frå landbruket og reiselivsnæringa si side	Alle føretak som er registrert i Einingsregisteret. Dersom søkjar ikkje er grunneigar eller rettshavar, må det føreligge skriftleg løyve til tiltaket frå desse	Inntil 70 % tilskot med bakgrunn i godkjent kostnadsoverslag. Total ramme på 5 mill. kr i 2016	Omtale på heimesida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Retningsliner for tilskot til utsiktsrydding

NAV

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	
Dagpengar og etablering av eiga verksemd	Er du arbeidsledig og tek imot dagpengar, kan du søkje om å behalde dagpengane mens du planlegg og etablerer eiga verksemd	Dei som har søkt og fått godkjent dagpengar og som ikkje sjølv er skyld i sin lediggang	Ordninga gjeld inntil 12 månader	Omtale på heimesida til NAV
Bedriftsintern opplæring (BIO)	Omstillingsstøtte til bedrifter i form av tilskot til opplæring av egne tilsette for å unngå oppseiingar eller til lønnsutgifter til deltakerane i opplæringsperioden	Bedrifter som må foreta ein vesentlig endring av sin produksjon eller etablere seg på nye marknader	Varierer noe, men tilskotet kan ikkje overstige 70% av bedriftas kostnader knyta til opplæringa, og opplæringstida kan vare inntil 26 veker	Omtale på heimesida til NAV

Statlige såkornfond

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Fjord Invest SørVest	Fondet inngår i ordninga om statlege distriktsretta såkornfond i Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Tilnærma fullinvestert, med enkelte nyinvesteringar	Såkorn- og vekstselskap på Vestlandet	Ta kontakt med selskapet.	Omtale på heimesida til regjeringa Liste over såkornfond på heimesida til Innovasjon Norge
Alliance Venture Spring	Landsdekkjande såkornfond, retta mot IKT. Oppretta i 2014	Teknologiske oppstartsbedrifter med globalt potensial	Ta kontakt med selskapet	Omtale på heimesida til regjeringa Liste over såkornfond på heimesida til Innovasjon Norge
ProVenture Seed II	Landsdekkjande såkornfond, retta mot olje/gass. Oppretta i 2014	Teknologiske oppstartsbedrifter med globalt potensial	Ta kontakt med selskapet	Omtale på heimesida til regjeringa Liste over såkornfond på heimesida til Innovasjon Norge
Alliance Venture Polaris	Landsdekkjande såkornfond, retta mot IKT. Oppfølgingsinvesteringar	Teknologiske oppstartsbedrifter med globalt potensial	Ta kontakt med selskapet	Omtale på heimesida til regjeringa Liste over såkornfond på heimesida til Innovasjon Norge
SåkorninVest II	Landsdekkjande såkornfond, retta mot olje/gass og fornybar energi. Oppfølgingsinvesteringar	Teknologiske oppstartsbedrifter med globalt potensial	Ta kontakt med selskapet	Omtale på heimesida til regjeringa Liste over såkornfond på heimesida til Innovasjon Norge
Sarsia Seed	Landsdekkjande såkornfond, retta mot bioteknologi/farma/marin og energi, olje/gass, fornybar energi. Oppfølgingsinvesteringar	Teknologiske oppstartsbedrifter med globalt potensial	Ta kontakt med selskapet	Omtale på heimesida til regjeringa Liste over såkornfond på heimesida til Innovasjon Norge
ProVenture Seed	Landsdekkjande såkornfond, retta mot olje/gass, IKT og materialer/prosessteknologi. Oppfølgingsinvesteringar	Teknologiske oppstartsbedrifter med globalt potensial	Ta kontakt med selskapet	Omtale på heimesida til regjeringa Liste over såkornfond på heimesida til Innovasjon Norge

EU-finansiering

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Horisont2020	Verdens største forskings- og innovasjonsprogram med 80 milliardar euro fordelt på sju år (2014 – 2020). Norges Forskningsråd tilbyr støtte til å søkje lån frå H2020	Norske bedrifter og forskingsmiljø kan delta på line med kollegaer og konkurrentar i andre land		Omtale på heimesida til Norges Forskningsråd Omtale på heimesida til EU kommisjonen Støtte til å søkje lån frå Horisont2020 frå Norges Forskningsråd

1.2 Offentleg finansiering – Lån og garantiar

Innovasjon Norge

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Lågrisikolån	Langsiktig lånfinansiering til større investeringar og gode føresetnader. Nyttast til delfinansiering av t.d. anleggsmidlar, kapitalstyrking, internasjonalisering og utviklingsaktiviteter	Alle typar bedrifter. Spesielt nyskapande vekstbedrifter og bedrifter med internasjonale vekstambisjonar	50% av kapitalbehov	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge
Innovasjonslån	Risikolån til delfinansiering av innovative prosjekt med potensiale for god lønnsemd. Denne type prosjekt er ofte vanskeleg å få fullfinansiert, enten i bank eller ved eigenkapital	Dei som ønskjer å starte, vidareutvikle eller omstille verksemd eller som vil ut på ein globalt marknad	50% av kapitalbehov	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge
Garanti	Målet med garantiar er å bidra til at bankar vil innvilge lån og driftskreditt til gründerar og vekstbedrifter som manglar pantetryggleik	Gründerar og vekstbedrifter	Tapsgaranti på 50%, varigheit på inntil tre år	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge

1.3 Privat finansiering – stiftingar, fond & investeringselskap

Stiftingar & fond

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Sparebankstiftinga (Sogn og Fjordane Sparebank)	Prosjekt som prioriterast er tiltak retta mot barn og unge og prosjekt med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet	Prosjekt og organisasjonar som arbeider for barn og ungdom	Ta kontakt med stiftinga	Omtale på heimesida til Sparebankstiftinga
Næringsstiftinga i Sogn og Fjordane (Sparebanken Vest)	Sparebanken Vest sitt næringsfond i Sogn og Fjordane har som mål å gi fødselshjelp for gode, nyskapande og framtidsetta idear, og gi dei ein sjanse til å utvikle seg. Dette kan vere gjennom å gi tilskot til gründerarar som er i startgropa eller til bedrifter som ser nye marknader eller produkt /tenester som kan utvikle seg til bærekraftig selskap eller avdeling	Forretningsidear og bedrifter i tidleg fase, som er nyskapande, framtidsetta og har vekstpotensiale, eller at det er interessante miljø som er i framvekst	Tildeling kan vera inntil kr 300.000 per prosjekt. Det er mogleg å få tildeling fleire gonger	Omtale på heimesida til Sparebanken Vest
Gjensidigestiftinga	Bidrar med kompetanse og økonomisk støtte til allmennyttige prosjekt innan tryggleik og helse	Lag, foreiningar og organisasjonar, frivilligsentraler, interkommunale friluftsråd og offentlege verksemder dersom dei går i lag med frivillige organisasjonar og sistnemnte står som mottakar av støtta	Ta kontakt med stiftinga	Omtale på heimesida til Gjensidigestiftinga
Allmennyttige middel (Sparebanken Vest)	Satsingsområder er oppvekst og utdanning, næring, idrett og kultur på Vestlandet	Prosjekt og organisasjonar som arbeider for barn og ungdom	Ta kontakt med rådgjevar i Sogn og Fjordane	Omtale på heimesida til Sparebanken Vest

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
FERD Sosial Entreprenørskap	Støtter spesielt sosiale entreprenører som har barn og unge som målgruppe. En idé som er økonomisk berekraftig og lett å spreie er ønskelig.	Bedrifter som er forbi idéstadiet og som kan vise til sosiale resultat		Omtale på heimesida til FERD

Fjord Invest – investeringselskap

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Fjord Invest	Investering i vekstbedrifter som har sin hovudaktivitet i Sogn og Fjordane. Fondet er lukka for nye investeringar	Investeringane vert gjort i bransjar med forventa stort vekstpotensial, som til dømes olje/gass, IKT, energi/miljø, marin sektor	Inntil 20 millionar kroner i kvar bedrift, og eigarperioden er typisk 3-7 år	Omtale på heimesida til Fjord Invest
Fjord Invest Såkorn	Investering i både såkorn- og vekstbedrifter i Sogn og Fjordane. Kapital frå realisering av porteføljebedrifter vert nytta til investering i nye bedrifter	Bransjar med forventa stort vekstpotensial, som til dømes olje/gass, IKT, energi/miljø, marin sektor	Inntil 20 millionar kroner i kvar bedrift, og eigarperioden er typisk 3 – 7 år	Omtale på heimesida til Fjord Invest
Fjord Invest Industri	Investering i industribedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter i Årdal og Høyanger. Fondet er lukka for nye investeringar	Bransjar med forventa stort vekstpotensial, som til dømes olje/gass, IKT, energi/miljø, marin sektor	Inntil 20 millionar kroner i kvar bedrift, og eigarperioden er typisk 3 – 7 år	Omtale på heimesida til Fjord Invest
Fjord Invest SørVest	Fondet inngår i ordninga om statlege distriktsretta såkornfond (Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane), kor statleg kapital er representert gjennom ansvarleg lån frå Innovasjon Norge. Tilnærma fullinvestert, men kan gjere enkelte nyinvesteringar	Bransjar med forventa stort vekstpotensial, som til dømes olje/gass, IKT, energi/miljø, marin sektor	Inntil 20 millionar kroner i kvar bedrift, og eigarperioden er typisk 3 – 7 år	Omtale på heimesida til Fjord Invest

2 Rådgjeving, nettverk & kurs

Innovasjon Norge

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Gründertelefonen	Ring Innovasjon Norge og diskuter idéen din med ein rådgjevar. Alt du seier er konfidensielt	Alle kan ringe	Tenesten er gratis	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge
Mentorordning	Mentorordninga set etablerarar i kontakt med erfarne personar i næringslivet og finn ein mentor som passar den aktuelle bedrifta	I utgangspunktet er mentortenesta eit tilbod til gründerar i dei delane av landet kor distriktsretta støtte er tillate, men ved kapasitet også til andre	Ein til ein samtalar med ein mentor over ein periode på to til 18 månader. Innovasjon Norge dekkjer kostandene for 30 eller 100 timars mentorrettlegg	Omtale på heimesida til Innovasjon Norge
Andre rådgjevingstenestar	<ul style="list-style-type: none"> • Design • Immaterielle rettigheter • Strategisk posisjonering • Marknad • FRAM-program • Enterprise Europe Network (EEN) • Global Entrepreneurship Boston (GET) 	Ta kontakt med Innovasjon Norge		Omtale på heimesida til Innovasjon Norge

Fylkeskommunale og kommunale tilbod

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Fylkesmannen	Fylkesmannen har rådgjevarar i alle kommunar			Oversikt over rådgjevarar i alle kommunar på Driftig.no
Kommunane	Det er rådgjevarar i alle kommunar			Oversikt over rådgjevarar i alle kommunar på Driftig.no

SIVA

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Næringshage <ul style="list-style-type: none"> • Nordfjordeid Næringshage • Stryn Næringshage • Gulen og Masfjorden Næringshage • Sognefjorden Næringshage 	Ein Næringshage samlokaliserar mindre, kunnskapsintensive verksemder for å byggje opp eit større, fagleg og sosialt miljø. Næringshagane skal mellom anna bidra til bedriftsetablering, vidareutvikling og vekst hos små og mellomstore bedrifter i distrikta. Det eksisterer sjølvstendige miljø over heile landet utanfor det nasjonale SIVA-programmet	Satsinga er hovudsakelig retta mot bedriftsutvikling i kunnskapsbedrifter	SIVA gir ein basisfinansiering til næringshagar som deltek i programmet, men privat næringsliv skal alltid vere pådrivar til prosessen rundt etablering og utvikling av ein næringshage	Heimesida til Næringshagane i Nordfjord Heimesida til Gulen og Masfjorden Næringshage Heimesida til Sognefjorden Næringshage Omtale av næringshageprogrammet til SIVA
Inkubasjon <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane • Aksello (tidlegare Fram Flora) 	Inkubasjon er ein metode kor lovande gründeridéar eller – selskap får tilgang til eit etablert og strukturert miljø for enklare å nå sitt potensial. Inkubatorane tilbyr profesjonell forretningsutviklingskompetanse og nettverk i tillegg til eit fysisk miljø kor bedriftene kan lære av kvarandre og dra nytte av samlokalisering	Gründere, små og mellomstorebedrifter	SIVA sitt programtilskot skal kome inkubasjonsbedrifta til gode i form av subsidierte priser (støtte) på rådgjevingstenester og kontorhold	Heimesida til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane Heimesida til Aksello Omtale av inkubatorprogrammet til SIVA

Kurstilbod

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane	<ul style="list-style-type: none"> • Grunnleggande etablerarkurs • Temakurs 	<p>Dei som ønskjer å starte eller vidareutvikle eiga bedrift, eller som ønskjer å auke sin kompetanse på eit forretningsspesifikt tema. Etablerarkurset er på 16 timar fordelt på tre samlingar, med tilbod om individuell oppfølging undervegs. Temakursa er kveldskurs på fire timar.</p>	Det er ingen kursavgift	<p>Omtale og kursoversikt på Driftig.no</p> <p>Omtale på heimesida til Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane</p>
Innovasjon Norge	<ul style="list-style-type: none"> • Frå idé til marknad • Andre kurs 	<p>Kortkurs om korleis ein kan teste og vidareutvikle ein idé, og korleis Innovasjon Norge kan hjelpe til på vegen</p>	Det er ingen kursavgift	<p>Oversikt over alle arrangementet i regi av Innovasjon Norge Sogn og Fjordane</p>
NAV	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsmarknadskurs • Diverse korte arbeidsretta kurs 	<p>Vert arrangert etter behov i marknaden eller etter ønskje frå ledige</p>	Det er ingen kursavgift	<p>Oversikt over alle arrangement i regi av NAV Sogn og Fjordane</p>

3 Bransjar

Klima og miljø

Tilbydar	Ordning	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Sogn og Fjordane fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none"> Miljøsertifisering av verksemder og bedrifter Klimastipend for lærarar Hurtigladestasjonar for elbil 	<p>Miljøsertifisering: små og mellomstore bedrifter</p> <p>Klimastipend for lærarar: lærarar som tek vidareutdanning i naturfag, med vekt på klima og miljø</p>	Ta kontakt med fylkeskommunen	<p>Omtale om miljøsertifisering på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <p>Omtale om klimastipend på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <p>Omtale om hurtigladestasjonar på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune</p>
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Klima- og miljøprogram: Med føremål om å tilpasse landbruksdrifta til eit endra klima og halde forholdet mellom utslepp og binding av klimagassar i Sogn og Fjordane nede	Fag- eller næringsorganisasjonar, kompetansebedrifter, utgreiings- og forskingsmiljø, kommunar, regionale og lokale lag og foreiningar	Inntil 70% av totalkostnadene i prosjektsøknaden	<p>Omtale på heimesida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</p> <p>Handlingsplanen for regionalt bygdeutviklingsprogram 2017</p> <p>Retningsliner for klima- og miljøprogrammet i jordbruket</p>
Innovasjon Norge	<ul style="list-style-type: none"> Miljøteknologiordninga Tilskot til innovativ bruk av tre Bioraffineringsprogram 	<p>Miljøteknologiordninga gjeld alle bedrifter</p> <p>Treordninga gjeld spesielt produksjonsbedrifter i byggebransjen</p> <p>Bioraffineringsprogrammet: små og mellomstore bedrifter</p>	Ta kontakt med Innovasjon Norge	<p>Omtale om miljøteknologiordninga på heimesida til Innovasjon Norge</p> <p>Omtale om tilskot til innovativ bruk av tre på heimesida til Innovasjon Norge</p> <p>Omtale om bioraffineringsprogrammet på heimesida til Innovasjon Norge</p>

Maritim og sjømat

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Marint Verdiskapingsfond: utviklingsprosjekt med forankring i fylket som legg til rette for ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa	Kommunar, næringsaktørar, lag- og næringsorganisasjonar eller andre instansar	Maksimal støttesats er 50 % av kapitalbehovet	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune
Innovasjon Norge	<ul style="list-style-type: none"> • Fiskefartøy og fiskerettigheter (tilskot og lån) • Klima- og miljøvenleg innanriks skipsfart • Kondemnering av skip (tilskot) • Klima- og miljøvennleg innanriks skipsfart (tilskot) 			Omtale om ordninga fiskefartøy og fiskerettigheter Omtale om ordninga Klima- og miljøvenleg innanriks skipsfart Omtale om ordninga kondemnering av skip Omtale om ordninga klima- og miljøvennleg innanriks skipsfart

Landbruk

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	<p>Aktuelle ordningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak (UT-midlar). • Regionalt miljøprogram (RMP) • Tilskot til investeringstiltak i beiteområde • Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (vegar, taubaner mm) • Klima- og miljøprogram – utviklingstiltak for miljø i jordbruket • Tilskot til utsiktsrydding 	Sjå omtale om Fylkesmannens ordningar i kapittel 1.1	Sjå omtale om Fylkesmannens ordningar i kapittel 1.1	Omtale på heimesida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune	<p>Prioriterte område for støtte er:</p> <p>Tiltak som bidrar til å styrkje rekruttering i landbruks- og gartnerutdanninga og til høgare utdanning i landbruksfag.</p> <p>Kompetansehevande tiltak og etter- og vidareutdanningstilbod for næringsutøvarar i landbruk</p>	I utgangspunktet kan alle som har prosjekt som støttar opp om måla med ordninga søkje	Midlane som kjem direkte frå LMD, forvalta av fylkeskommunen, er ikkje bunden av grenser for finansieringsgrad	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Innovasjon Norge	<p>Verkemiddel avsett til Sogn og Fjordane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) <p>Andre landbruksverkemiddel er landsdekkjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utviklingsprogrammet • Bioenergiprogrammet • Trebasert innovasjonsprogram • Program for industriell bioraffinering 	IBU-midlane skal i utgangspunktet tildelast etter dei same kriteriana som andre verkemiddel Innovasjon Norge har ansvaret for	Ramma til IBU-midlar var på 40,31 mill kr i 2016	<p>Ordningar i Sogn og Fjordane omtalt på heimesida til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane</p> <p>Handlingsplan for Regionalt Bygdeutviklingsprogram 2017</p> <p>Landsdekkjande verkemiddel omtalt på heimesida til Innovasjon Norge</p>
Kommunane	<p>Kommunane forvaltar følgjande støtteordningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • SMIL – Spesielle miljøtiltak i jordbruket • Tilskot til grøfting av dyrka mark • Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (skogkultur og tynning, mm) 	Sjå handlingsplan	Sjå handlingsplan	<p>Omtale på heimesida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</p> <p>Handlingsplan for Regionalt Bygdeutviklingsprogram 2017</p>

Reiseliv og lokalmat

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Infrastrukturmidlar til reiseliv	Støtta skal gå til tilretteleggjande tiltak som skal gjere dei mest særeigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar	Alle kan søkje. Søknad skal vere koordinert med og forankra i det regionale destinasjonsselskapet. Tiltaka skal medverke til å nå måla i Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane	Inntil 50% av totalbudsjettet til prosjektet (eks mva)	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune Omtale i Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane
Innovasjon Norge	Innovasjon Norge har ikkje ei eiga finansieringsordning for reiselivet, men fleire av ordningane kan passe for reiselivsnæringar	Kontakt Innovasjon Norge	Kontakt Innovasjon Norge	Omtale av finansiering til reiselivsbedrifter

Kultur

Ordning	Skildring	Målgruppe	Rammer	Kjelde
Spelemidler	Tilskotsordning for bygging og rehabilitering av anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Målgrupper er barn og ungdom. Ordninga er delt i to kategoriar: nærmiljøanlegg og ordinære anlegg.	Hovudsaklig kommunar, idrettslag, enkelte friluftslivsorganisasjonar og velforeiningar. Andre søkjarar kan og bli godtatt etter godkjenning av laget sine vedtekter.	Hovudregel for nærmiljøanlegg: Inntil 50% av totalbudsjettet til prosjektet (eks mva). Hovudregel for ordinære anlegg: 1/3 av godkjent kostnad inntil maks beløp. Summen av statleg finansiering kan ikkje overstige meir enn 50 % av totalfinansiering.	Omtale på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune Omtale på heimesida til regjeringa
Allmennyttige middel (Sparebanken Vest)	Satsingsområder er oppvekst og utdanning, næring, idrett og kultur på Vestlandet	Prosjekt og organisasjonar som arbeider for barn og ungdom	Ta kontakt med rådgjevar i Sogn og Fjordane	Omtale på heimesida til Sparebanken Vest